

Fra: Petter Joeran Lexander <pejoeran@online.no>
Sendt: tirsdag 23. mai 2023 16:36
Til: Post Osterøy
Kopi: jarle hanstveit
Emne: Søknad om økonomisk støtte
Vedlegg: Prosjektplan Frå hav til fjell i Nordhordland utg 20. mai 2023.docx;
Økonomiplan to prosjekter 20.mai 2023.docx

Til Osterøy kommune

Vi tillet oss å søkja om økonomisk stønad til prosjektet "Frå hav til fjell i Nordhordland" basert på Arne Høyland sine viser. Konsertane vert framførde i september 2023 mellom anna i Fotlandsvåg grendahus laurdag 16.september. Fem av musikarane og solistane er ostringar. Arne Høyland har mellom anna lage fleire gode tekstar med nydelege melodiar om miljø knytt til Osterfjorden og Osterøy. I tillegg til konsertane, vert det utgitt ei visebok med 30 viser frå Arne Høyland.

Det er "Nordhordland musikkteater", ein ideell organisasjon, med fleire ostringar som grunnleggjare og styremedlemmar, som står bak denne satsingen som vert ein hyllest av naturen, folket og kulturen i regionen.

Vi ynskjer primært å få dekt våre omkostningar ved å ha konsert i Fotlandsvåg grendahus, og søker kommunen om inntil kr 10 000.-

Om søknaden skal stilas ei anna epost-adresse, håpar vi på hjelp til det. Vi legg ved vår prosjektplan

mbh

Petter Lexander

på vegne av Nordhordland musikkteater